

Lind

Blomande lind er ei av naturens vel-signingar: Nektaren gir klar bonning. Blomen er nytta i folkemedisinen. Av lindebasten laga ein sterkt lindetau. Eldre menneske kan endåtil fortelja at dei tok varsel for vêret av lina. Lukta ho sterkt, kunne ein rekna med regnvêr. Linda veks oftast saman med alm, ask og andre treslag i edellauvskogar. Reine lindeskogar er sjeldnare. Granvin har Hordalands største lindeskogar.



Når lina blommar, er det bøgssommar. (Bjørn Moe)

Linda er eit av fylkets mest varmekrevjande treslag og trivst derfor best i laustlege strøk. Dei beste veksestadene for treet med dei hjarteforma blada ligg i bratt terreng oppunder sørvende fjellsider, frå fjorden og opp til om lag 300 moh. Det kan vera mykje lind der det er ur og rasmark, dette treslaget er spesialist på å meistra den bratte topografien i Granvin. Det er ikkje uvanleg å sjå stammer av lind som heng ut frå hyller og skorer i fjellet.

Økslingsevna er framifrå. Det veks opp nye linder frå røter og stubbar; til og med greiner som rører bakken, kan slå rot. På dette viset kan det bli ein heil skog av eit einaste tre. Dette er ein nausynt strategi for å overleva, ettersom lindefrøa har svært dårleg spireevne.

Linda trivst best i næringsrik jord, men ho er sjølv ein god jordforbetrar. Lindeblada inneheld kalk, og sidan dei er tynne og skjøre, blir dei lett nedbrotne til god moldjord. Dyrka mark og frukthagar i Hardanger kan ha vore lindeskog før dei vart rydda. Lindeskogen har gjerne rik flora, med mange planter som er typiske i edellauvskog. Det kan likevel bli mykje skugge på skogbotnen, ettersom lindeskogen får svært tette trekroner. Har lindeskogen først slått rot, er det ikkje mykje som kan truga han. Trea kan bli mange hundre år gamle. Ved Utne veks ei svært gammal, freda lind som er heile åtte meter i omkrins.

Lindeskog i Joberget (t.h. og under). (Svein Nord)

Ho ber namnet Kjellarlinda, og er blant dei tjukkaste lindene i landet. Men høg er ho ikkje, berre ti meter. Etersom lind toler mykje luftforureining, greier ho seg godt i byar. Treet er mykje brukt som allétre, men blir òg gjerne planta som frittstående tre.

Dei gamle lindene er mest enkeltstående tre. Oftast er dei styvde, utan ei høg hovudstamme. Lindelauvet har vore samla til dyrefôr, men det var delte meiningar om förverdien. Dei styvde trea har i alle fall vore nytta til andre føremål òg. Linda er ein av våre viktigaste fiberplanter, og betre materiale til å laga tau av finst ikkje blant viltveksande planter i Noreg. Veden er lett og laus, utan særleg stor styrke, og bruksverdien som byggjemateriale er derfor avgrensa. Men til treskjering er den mjuke veden mykje nytta – og kniven lyt ikkje slipast så ofte som under arbeid med hardare treslag.



Vårplanter i lindeskogen, vårskolm (øvt) og moskusurt (nedst). (Bjørn Moe)

